



Arkivnr: 2014/23871-2  
Saksbehandlar: Katharine Louise Clarke

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.02.2017

### Endringar i politisk deltaking i dei tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen

I sak 121/11 frå 23. juni 2011 vedtok Fylkesutvalet mellom anna at "(...) fylkeskommunen styrkjer sitt engasjement i den internasjonale organisasjonen CPMR/Nordsjøkommisjonen".

Som oppfølging av dette vedtaket utpeika Fylkesutvalet på møtet 22. mars 2013 ein representant frå Fylkestinget til kvar av dei fem tematiske arbeidsgruppene i Nordsjøkommisjonen. Desse verva blei fordelte mellom partia i posisjon og opposisjon. Representasjon har vore oppdatert og endra etter behov og sist på møte i Fylkesutval 03.12.2015 da følgjande blei valt til å representere Hordaland:

Tematisk gruppe	Navn
Culture and tourism:	Silje Hjemdal, Frp
Economic development:	Sveinung Valle, A
Transport:	Nils T. Bjørke, Sp
Energy and climate change:	Daniel Charles Hextall, SV
Marine resources:	Mona Røsvik Strømme, H

Endringar i organisering av Nordsjøkommisjon gjer at to av gruppene, «Culture and tourism og Economic development», blei nedlagt på årsmøtet 2016 og erstattast med ein ny gruppe med førebels namn, «Attractive and sustainable communities». Denne gruppa har oppgåver knytt til kultur og turisme, demografiske endringar og migrasjon, endringar i samfunnsøkonomi (klyngeutvikling og kunnskapsoverføring mellom sektorane). Gruppa har særleg ansvar for å løyse oppgåvene under den 4. søyla under strategien – «Attractive and Sustainable Communities» under Nordsjøkommisjonens strategi «North Sea Region 2020»

Det er difor naudsynt å utpeike ein representant til den nye gruppa «Attractive and sustainable communities». Elles er ingen endring naudsynt i representasjon hjå dei andre tematiske gruppene - «Transport», «Energy and climate change», «Marine resources».

### Forslag til innstilling/vedtak/avgjerd

Fylkesutvalet vel følgjande representant til å representere Hordaland fylkeskommune i den nye tematiske gruppa i Nordsjøkommisjonen «Attractive and sustainable communities».

Namn:

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*